


KUSKIT BINGO REGLAR!

Reglane er ganske enkle:

Grusparkeringa ved Systrene Nilsen blir inngjerda og delt opp i ruter. Kvar rute får eit nummer. Ein slepp ei ku inn i inngjerdinga - og så må ein berre venta og sjå kva rute kua skit i. Den som eig ruta kua skit i, blir vinnaren av ein gassgrill i frå FK butikken. Er det uklart kva rute kua skit i, er vinnaren den som har fått mes skit i si rute :-)



Opplev spenninga med kuskit-bingo!

I samband med Aktivitetsdagen stiller Bondelaget opp og arrangerer artige aktivitetar. Det gjorde dei også i fjor, og det vart svært populært! Dei har m.a. kuskitbingo, hesteskokasting og jurklutkasting. Desse aktivitetane føregår borte mot Systrene Nilsen.

Kuskitbingoen vart ein slager i fjor då den vart arrangert for første gang. Det er berre å kjøpa seg eit nummer så har ein mulighet å vinna ein flott gassgrill frå felleskjøpet. Salget av 'Nummerbrev' har føregått på førehand, men det er og gode muligheter for å få kjøpt på sjølve aktivitetsdagen. Ein kan få kjøpt det utover heile dagen.

Overskotet frå alle aktivitetane som Bondelaget har går uavkorta til Damevennene. - Vi er kjempeglad for at Bondelaget stiller opp og hjelper oss på denne måten, seier Klara Bakke i hovudkomitèen. - Det gjev jo ekstra inntekter og det er vi glad for, men det gjer og at vi kan presentera eit betre og meir allsidig aktivitetsprogram!

Av: Thor Inge Døssland.



Bondelagsmedlemmer merker og gjer klart til kuskit-bingo